

KOMMISSJONENS GJENNOMFØRINGSFORORDNING (EU) 2016/462**2017/EØS/36/47****av 30. mars 2016****om endring av forordning (EF) nr. 324/2008 om fastsetjing av reviderte framgangsmåtar for gjennomføring av
Kommisjonens inspeksjonar når det gjeld maritim trygging(*)**

EUROPAKOMMISSJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 725/2004 av 31. mars 2004 om forbedret sikkerhet for fartøyer og havneanlegg⁽¹⁾, særleg artikkel 9 nr. 4, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) For å overvake bruken av forordning (EF) nr. 725/2004 og europaparlaments- og rådsdirektiv 2005/65/EF⁽²⁾ bør Kommissjonen gjennomføre inspeksjonar. Desse inspeksjonane, som skal utførast under tilsyn frå Kommissjonen, er naudsynte for å verifisere at dei nasjonale kvalitetskontrollsystema og tiltaka, framgangsmåttane og strukturane innanfor maritim trygging, er effektive.
- 2) Kommissjonen får hjelp til å utføre inspeksjonane av Det europeiske sjøtryggleiksbyrået, som vart skipa ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1406/2002⁽³⁾. I samband med utføringa av inspeksjonane innanfor Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (EØS) oppmodar Kommissjonen om hjelp frå nasjonale inspektørar som er oppførte på den lista som statane i Det europeiske frihandelssambandet (EFTA) har utarbeidd i samsvar med avgjerd i EØS-komiteen nr. 116/2008⁽⁴⁾.
- 3) I kommisjonsforordning (EF) nr. 324/2008⁽⁵⁾ er det fastsett sakshandsamingsreglar for at gjennomføringa av Kommissjonens inspeksjonar knytte til maritim trygging, skal skje på ein open, effektiv, harmonisert og konsekvent måte.
- 4) I lys av dei røynslene som er gjorde sidan 2008, er det naudsynt å sikre at Kommissjonens inspeksjonar i medhald av forordning (EF) nr. 324/2008 vert gjennomførte på ein konsekvent måte i samsvar med den fastsette framgangsmåten og etter ein standardmetode. Tiltak for å betre samarbeidet med medlemsstatane og utøvinga av avgjerdsmakta til Kommissjonen, bør vere effektive og opene.
- 5) Definisjonen av dei termane som vert nytta i samband med dei inspeksjonane som Kommissjonen gjennomfører, bør utvidast. Desse endringane utvidar ikkje omfanget av inspeksjonane utover den eksisterande ramma.
- 6) Kommissjonen og medlemsstatane bør samarbeide under førebuinga og gjennomføringa av Kommissjonens inspeksjonar.
- 7) Kommissjonen bør ha høve til å knyte kvalifiserte nasjonale inspektørar som medlemsstatane stiller til rådvelde, og som oppfyller dei naudsynte kvalifikasjons- og opplæringskriteria, til inspeksjonsgruppene sine.
- 8) For å sikre ei open og effektiv gjennomføring av Kommissjonens inspeksjonar bør føresegnene vere klare og utdjupande, særleg når det gjeld skipsinspeksjonar som vert avslutta i ei hamn i ein annan medlemsstat enn den der inspektørane gjekk om bord. Spørsmålet om handtering av inspeksjonar av skip som seglar under eit medlemsstatsflagg i eit område som ligg utanfor Den europeiske unionen, bør avklarast for å løyse dei særskilde logistikkutfordringane ved slike inspeksjonar.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 80 av 31.3.2016, s.28, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 193/2016 av 23. september 2016 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), ennå ikke kunngjort.

(¹) TEU L 129 av 29.4.2004, s. 6.

(²) Europaparlaments- og rådsdirektiv 2005/65/EF om forbedret sikkerhet for havneanlegg (TEU L 310 av 25.11.2005, s. 28).

(³) Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1406/2002 av 27. juni 2002 om opprettelse av et europeisk sjøsikkerhetsbyrå (TEF L 208 av 5.8.2002, s. 1).

(⁴) Avgjerd i EØS-komiteen nr. 116/2008 av 7. november 2008 om endring av vedlegg XIII (Transport) til EØS-avtala (TEU L 339 av 18.12.2008, s. 106).

(⁵) Kommisjonsforordning (EF) nr. 324/2008 av 9. april 2008 om fastsetjing av reviderte framgangsmåtar for gjennomføring av inspeksjonar frå Kommissjonen når det gjeld sjøfartstryggleik (TEU L 98 av 10.4.2008, s. 5).

- 9) Følsame, men ugraderte opplysningar som er knytte til ein inspeksjon, bør handsamast under strenge tryggingstiltak for å garantere at dei vert handsama fortruleg og ikkje vert gjorde kjende.
- 10) Forordning (EF) nr. 324/2008 bør difor endrast.
- 11) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegnen frå det utvalet som er oppnemnt ved artikkel 11 nr. 1 i forordning (EF) nr. 725/2004 —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Endringar av forordning (EF) nr. 324/2008

I forordning (EF) nr. 324/2008 vert det gjort følgjande endringar:

1) I artikkel 2 vert det gjort følgjande endringar:

a) Nr. 1 og 2 skal lyde:

- «1. «Kommisjonens inspeksjon» ei granskning av dei nasjonale kvalitetskontrollsystema, tiltaka, framgangsmåtane og strukturane innanfor maritim trygging i medlemsstatane som inspektørar frå Kommisjonen skal gjennomføre for å kontrollere at forordning (EF) nr. 725/2004 vert etterlevd og at direktiv 2005/65/EF vert gjennomført. Han kan omfatte inspeksjon av hamner, hamneanlegg, skip, rette styresmakter for maritim trygging eller reiarlag, slik det er definert i vedlegg I til forordning (EF) nr. 725/2004. Han kan òg omfatte inspeksjonar av godkjende tryggingsorganisasjonar, slik det er definert i vedlegg I til forordning (EF) nr. 725/2004 og i vedlegg IV til direktiv 2005/65/EF med omsyn til godkjende tryggingsorganisasjonar,
2. «inspektør frå Kommisjonen» ein person som oppfyller dei kriteria som er fastsette i artikkel 7 og er tilsett av Kommisjonen eller Det europeiske sjøtryggleiksbyrået, eller ein nasjonal inspektør som har fått i oppdrag av Kommisjonen å ta del i Kommisjonens inspeksjonar, og som er oppført i listene til medlemsstatane eller EFTA-statane,»

b) Nr. 11 skal lyde:

- «11. «hamn» området innanfor dei grensene som er definerte av medlemsstatane i medhald av artikkel 2 nr. 3 i direktiv 2005/65/EF, og meldt til Kommisjonen i medhald av artikkel 12 i det nemnde direktivet,»

c) Nytt nr. 12, 13, 14, 15, 16 og 17 skal lyde:

- «12. «mellombels korrijerande tiltak» eit mellombels tiltak eller ei rekkje mellombelse tiltak for å avgrense så langt som praktisk mogleg verknaden av eit større avvik eller eit avvik som vert oppdaga under ein inspeksjon, før avviket kan korrijerast fullt ut,
13. «graderte opplysningar» identifiserte eller identifiserbare opplysningar som er innhenta under gjennomføringa av inspeksjonane, som kan føre til brot på tryggleiken dersom dei vert gjorde kjende, og som er graderte etter føresegnene i kommisjonsavgjerd (EU, Euratom) 2015/444(*), eller etter relevant nasjonal lovgjeving i medlemsstatane,
14. «følsame, men ugraderte opplysningar» materiale eller opplysningar som er knytte til inspeksjonar og innhenta under gjennomføringa av inspeksjonane, som kan føre til brot på tryggleiken dersom dei vert gjorde kjende, og som berre skal delast ved behov for innsyn,
15. «ikkje stadfesta» eit funn som er gjort under ein av Kommisjonens inspeksjonar, og som tyder på at krava i forordning (EF) nr. 725/2004 eller direktiv 2005/65/EF ikkje er oppfylte, men som ikkje er underbygd ved objektive prov,
16. «utval» det utvalet som er oppnemnt ved artikkel 11 nr. 1 i forordning (EF) nr. 725/2004,
17. «representant for ein flaggstat» ein medlem av dei rette styresmaktene til den medlemsstaten som skipet seglar under flagget til, eller, dersom representanten er utpeikt av denne medlemsstaten, ein representant for ein godkjend tryggingsorganisasjon.

(*) Kommisjonsbeslutning (EU, Euratom) 2015/444 av 13. mars 2015 om sikkerhetsregler for vern av graderte EU-opplysningar (TEU L 72 av 17.3.2015, s. 53).»

2) Artikkel 3 skal lyde:

«Artikkel 3

Samarbeid mellom medlemsstatane

1. Medlemsstatane skal samarbeide med Kommisjonen om gjennomføringa av inspeksjonsoppgåvene hans, utan at dette rører ved ansvaret til Kommisjonen. Samarbeidet skal finne stad i førebuingsfasen, kontrollfasen og rapporteringsfasen.
2. Medlemsstatane skal gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for at meldinga om ein inspeksjon
 - a) vert underlagd strenge tryggingstiltak for å garantere at inspeksjonen ikkje vert gjort kjend, slik at gjennomføringa av han ikkje vert sett på spel, og
 - b) vert bringa vidare til dei partane som det gjeld, ved behov for innsyn.»

3) I artikkel 4 skal nr. 2 lyde:

- «2. Kvar medlemsstat skal sikre at inspektørane frå Kommisjonen på oppmoding og i rett tid får tilgang til relevant tryggleiksdokumentasjon som er naudsynt for utføringa av inspeksjonsoppgåvene, og særleg
- a) det nasjonale programmet for gjennomføring av forordning (EF) nr. 725/2004 som er nemnt i artikkel 9 nr. 3 i den nemnde forordninga,
 - b) dei nyaste oppdateringane av opplysningar frå kontaktorganet og dei kontrollrapportane som er nemnde i artikkel 9 nr. 4 i forordning (EF) nr. 725/2004,
 - c) resultatet av medlemsstatane si overvaking av gjennomføringa av hamnetryggingssplanane,
 - d) relevante risikovurderingar av skip, hamner og hamneanlegg, relevante tryggingssplanar for skip, hamner og hamneanlegg, og dokumentasjon om opplæring og øvingar for skip, hamner og hamneanlegg under Kommisjonens inspeksjonar,
 - e) meldingar frå medlemsstatane om dei avgjerdene som er nemnde i artikkel 3 nr. 3 i forordning (EF) nr. 725/2004, og som er tekne etter den obligatoriske vurderinga av tryggleiksrisikoen,
 - f) alle retningslinjer, instruksjonar eller framgangsmåtar som medlemsstaten har utferda for gjennomføringa av forordning (EF) nr. 725/2004 og direktiv nr. 2005/65/EF.»

4) I artikkel 5 vert det gjort følgjande endringar:

a) Nr. 1 skal lyde:

«1. Etter avtale med Kommisjonen og så langt det er råd, skal medlemsstatane stille til rådvelde nasjonale inspektørar som kan ta del i Kommisjonens inspeksjonar og i den tilhøyrande førebuings- og rapporteringsfasen.»

b) Nr. 5 skal lyde:

«5. Førespurnader om deltaking av nasjonale inspektørar i Kommisjonens inspeksjonar skal meldast i god tid, vanlegvis minst to månader før inspeksjonen skal finne stad.»

5) Artikkel 6 skal lyde:

«Artikkel 6

Teknisk støtte frå Det europeiske sjøtryggleiksbyrået til Kommisjonens inspeksjonar

Innanfor ramma av den tekniske støtta som er fastsett i artikkel 2 nr. 2 bokstav b) i forordning (EF) nr. 1406/2002, skal Det europeiske sjøtryggleiksbyrået stille teknisk sakkunnige til rådvelde for Kommisjonen, slik at dei kan ta del i Kommisjonens inspeksjonar og i den tilhøyrande førebuings- og rapporteringsfasen.»

6) I artikkel 7 vert det gjort følgjande endringar:

a) I nr. 1 vert det gjort følgjande endringar:

i) Bokstav b) skal lyde:

«b) god praktisk kunnskap om tryggingsteknologi og -teknikkar.»

ii) Bokstav d) skal lyde:

«d) praktisk kunnskap om den verksemda som vert granska.»

iii) Ny bokstav e) og f) skal lyde:

«e) medvit om helse-, tryggleiks- og tryggingskrav ved arbeid i eit sjøfartsmiljø,

f) kunnskap om dei viktigaste lovfesta krava som gjeld på området maritim trygging.»

b) I nr. 2 skal første leddet lyde:

«For å vere kvalifiserte til å ta del i Kommisjonen sine inspeksjonar skal inspektørane frå Kommisjonen ha fullført opplæring i gjennomføring av slike inspeksjonar. Inspektørane frå Kommisjonen skal halde kunnskapen oppdatert og jamleg ta del i opplæring, minst kvart femte år.»

c) Nytt nr. 4 skal lyde:

«4. Dersom åtfærding eller resultat til ein inspektør under ein tidlegare inspeksjon ikkje oppfyller krava i denne forordninga, skal denne inspektøren ikkje lenger peikast ut til å utføre inspeksjonsoppgåver for Kommisjonen.»

7) I artikkel 8 vert det gjort følgjande endringar:

a) Nr. 1 skal lyde:

«1. Kommisjonen skal minst seks veker på førehand melde frå til kontaktorganet i den medlemsstaten der inspeksjonen skal finne stad, om at det skal gjennomførast ein inspeksjon på territoriet hans.

Samstundes med meldinga om inspeksjonen kan Kommisjonen sende kontaktorganet eit spørjeskjema som skal fyllast ut av den rette styresmakta før inspeksjonen, saman med ein førespurnad om å få oversendt eventuell relevant dokumentasjon. Det utfylte spørjeskjemaet og førespurnaden om eventuell dokumentasjon skal leggjast fram for Kommisjonen minst to veker før inspeksjonen er meint å starte.

Den fristen for melding som er nemnd i første leddet, kan kortast ned til ikkje mindre enn to veker dersom Kommisjonen reagerer på eit særskilt høve som kan ha monaleg innverknad på det allmenne nivået for maritim trygging i Den europeiske unionen, og dersom Kommisjonen har rådført seg med det aktuelle kontaktorganet før varslinga. I så fall skal andre leddet ikkje nyttast.»

b) Nr. 5 skal lyde:

«5. Dersom flaggstaten er ein medlemsstat, skal Kommisjonen så snart som råd melde frå til kontaktorganet i denne medlemsstaten om at skipet kan verte inspisert når det ligg ved hamneanlegget. Dersom inspeksjonen omfattar eit skip som seglar under flagget til ein annan medlemsstat enn medlemsstaten til den styresmakta som vert inspisert, skal Kommisjonen melde frå til kontaktorganet til flaggstaten, slik at det kan gjerast praktiske tiltak som er naudsynte for å utføre inspeksjonen om bord på dette skipet.»

c) Nr. 9 skal lyde:

«9. Når Kommisjonen tek del i ein nasjonal inspeksjon eller kontroll av eit skip på ein stad utanfor Den europeiske unionen, skal Kommisjonen gjere dei tiltaka saman med kontaktorganet som er naudsynte for å kunne gjennomføre inspeksjonane eller kontrollane saman med representanten for flaggstaten.»

8) I artikkel 10 vert det gjort følgjande endringar:

a) Nr. 1 og 2 skal lyde:

«1. Det skal nyttast ein standardmetode til å overvake at medlemsstatane nyttar dei krava til maritim trygging som er fastsette i forordning (EF) nr. 725/2004 og direktiv 2005/65/EF.

2. Når inspektørane frå Kommisjonen skal utføre inspeksjonsoppgåvene sine, skal dei alltid ha følge av ein representant for den relevante rette styresmakta. Representanten skal ikkje påverke gangen i eller effektiviteten til inspeksjonane på ein negativ måte.

Inspeksjonane skal gjennomførast på ein måte som i minst mogleg grad hindrar flyten i den kommersielle drifta. For å oppnå dette kan ein inspeksjon som er innleidd på eit skip som ligg i hamn, om naudsynt og med førehandssamtykke frå flaggstaten og skipsføraren, halde fram etter at skipet har forlate hamna.

Dersom eit skip som vert inspisert, driv internasjonal rutetrafikk mellom to eller fleire medlemsstatar, kan inspeksjonen òg omfatte av- og påstiging av passasjerar og lasting og lossing av køyretøy i kvar ende av reisa. I slike tilfelle skal Kommisjonen melde frå til kontaktorganet til medlemsstaten i mottakarhamna, i samsvar med artikkel 8 nr. 1.»

b) Nr. 6 skal lyde:

«6. Utan at det rører ved artikkel 11, skal inspektørane frå Kommisjonen, når det er føremålstenleg og lèt seg gjennomføre, gje eit uformelt, munnleg samandrag på staden av dei observasjonane som er gjorde.

Det relevante kontaktorganet skal straks ha melding om alle større avvik frå forordning (EF) nr. 725/2004 eller direktiv 2005/65/EF som vert påviste under ein av Kommisjonens inspeksjonar, før det vert utarbeidd ein inspeksjonsrapport i samsvar med artikkel 11 i denne forordninga.

I tilfelle der ein inspektør frå Kommisjonen som utfører ein inspeksjon av eit skip, finn større avvik som krev tiltak i medhald av artikkel 16, skal leiaren av inspeksjonsgruppa straks informere dei relevante kontaktorgana skriftleg.»

c) Nytt nr. 7 skal lyde:

«7. Inspektørane frå Kommisjonen skal utføre inspeksjonar på ein effektiv og føremålstenleg måte, og ta tilbørleg omsyn til tryggleik og trygging.»

9) I artikkel 11 skal nr. 4 og 5 lyde:

«4. Når gjennomføringa av forordning (EF) nr. 725/2004 og direktiv 2005/65/EF skal vurderast i samsvar med denne forordninga, skal resultatata klassifiserast i ein av dei følgjande kategoriane:

a) samsvar,

b) samsvar, men betring er ønskjeleg,

c) avvik,

d) større avvik,

e) ikkje stadfesta.

5. I rapporten skal det gjerast nærmare greie for dei funna under inspeksjonen som vert klassifiserte som «større avvik», «avvik», «samsvar, men betring er ønskjeleg» og «ikkje stadfesta» innanfor ramma av gjennomføringa av forordning (EF) nr. 725/2004 eller direktiv 2005/65/EF, i samsvar med denne forordninga.

Rapporten kan innehalde tilrådingar om korrigerande tiltak.»

10) I artikkel 12 skal nytt nr. 3 lyde:

«3. Når ein medlemsstat gjer framlegg om omgåande korrigerande tiltak for å rette opp eit større avvik som er funne, skal han straks melde frå til Kommisjonen om dei før Kommisjonen utferdar inspeksjonsrapporten sin. I slike tilfelle skal dei korrigerande tiltaka som medlemsstaten har gjort, først opp i rapporten. Dersom det berre er gjort mellombelse tiltak, skal medlemsstaten straks melde frå til Kommisjonen og dessutan opplyse om fristen for gjennomføring av dei fullstendige og endelege korrigerande tiltaka.»

11) Artikkel 14 og 15 skal lyde:

«*Artikkel 14*

Fortruleg handsaming av opplysningar

Når Kommisjonen gjennomfører inspeksjonar innanfor maritim trygging, skal han i samsvar med gjeldande reglar gjere høvelege tiltak for å verne graderte opplysningar som han har tilgang til, eller som medlemsstatane har formidla til han. Medlemsstatane skal gjere tilsvarende tiltak i samsvar med gjeldande nasjonal lovgjeving.

Følsame, men ugraderte opplysningar kan utvekslast mellom medlemsstatane og Kommisjonen så framt dei vernar desse opplysningane i samsvar med dei gjeldande krava for å garantere fortruleg handsaming.

Artikkel 15

Inspeksjonsprogrammet til Kommisjonen

1. Kommisjonen skal rådføre seg med utvalet om kva prioriteringar som skal gjelde ved gjennomføringa av inspeksjonsprogrammet hans.

2. Kommisjonen skal jamleg melde frå til utvalet om gjennomføringa av inspeksjonsprogrammet sitt og om resultatet av inspeksjonane. Kommisjonen skal dele god praksis som vert observert under inspeksjonane, med medlemsstatane.

Inspeksjonsrapportane skal normalt gjerast tilgjengelege for utvalet

- a) så snart svaret frå medlemsstatane i medhald av artikkel 12 nr. 1 er motteke, og
- b) når saka er avslutta.»

12) I artikkel 16 skal første leddet lyde:

«Dersom ein inspeksjon legg for dagen eit større avvik frå forordning (EF) nr. 725/2004 eller direktiv 2005/65/EF som vert rekna for å ha ein monaleg innverknad på det allmenne nivået for maritim trygging i Unionen, og som ikkje ein gong straks kan rettast opp med mellombelse korrigerande tiltak, skal Kommisjonen melde frå til dei andre medlemsstatane straks etter at han har meldt frå om det større avviket til den medlemsstaten som det gjeld.»

Artikkel 2

Ikraftsetjing

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 30. mars 2016.

For Kommisjonen

Jean-Claude JUNCKER

President